

Lynkurs i prosessleing, fasilitering og mobiliseringsverkstad

Nettverkssamling Ålfoten 22. mars



Ordet **prosess** tyder kontinuerleg rekkje av endringar, Formålet med ein **prosess** er å utvikle seg frå éin tilstand til ein annan

Medverknad kan definerast som «prosessen av å dele avgjersler som påverkar livet og lokalsamfunnet der ein bur»


Å **mobilisera** tydar «å kalle til hjelp» eller «å ta i bruk»

Å **fasilitera** tyder å leggje til rette for eller gjere noko lettare




Splotting

Kvar har du det godt? Kva plassar har du i <3 ditt?




Splotting

Kvar har du det godt? Kva plassar har du i <3 ditt?



Pause - 5 min



Om Splotting som verktøy

Stad

Stadstilhøyrse kan vere både fysiske og abstrakte

Person

Det personlege er i fokus

Læring

Ein kan lære både om seg sjølv, andre og oppdage like preferansar med ulike grunn

Observasjon

Kan gi tilleggsinformasjon i prosessen

Tråkk

Utgangspunkt for meir kartlegging

- Vi koplar på kjensler og erfaringar knytt til temaet og får fortelje kva som er viktig for oss
- Forsterkar det som allereie er positivt i nærmiljøet og livet generelt
- Ein får vist fram den personlege kunnskapen som vi alle sit på – dette kan vi omsette til kunnskap om dei sosiale kvalitetane i omgivnadene: Kva er det som gjer vår stad til ein god plass å vere?
- Vi kan bruke splotten vidare som dokumentasjon og som «medverknadskunst»
- Vel sjølv kor personleg ein vil vere

Prosessar i eit LivOGLyst-prosjekt

- Forprosjektet (stor prosess)
 - Lage prosjektplan

Døme prosjektplan for eit forprosjekt

Vinter



Etablere
prosjektstyret

Vår




Planlegge
kommunikasjon og
mobiliserings-
aktivitetar



Mobiliserings-
aktivitet
DEL 1:
Felles mål,
kartlegge
ressursar og
idear

Sommar



Samle innspel,
kommunisere



Mobiliserings-
aktivitet
DEL 2:
Delegere,
gruppere og
teste!

Haust



Samle
dokumentasjon
og skrive
søknad om
hovudprosjekt

Prosessar i eit LivOGLyst-prosjekt

- Forprosjektet (stor prosess)
 - Lage prosjektplan
- Mobiliseringsaktivitetar (små prosessar)
 - Infomøte
 - Verkstad
 - Fest og feiring
 - Testing av aktivitetar og tiltak

Planlegging, prosessleiing og fasilitering av eit mobiliseringsverkstad

Prosjektstyret planlegg saman:

Sjekkliste

Kvifor Kva er føremålet – *kvifor er vi her?* Kva er målet – *kva vil vi ha ut av prosessen/verkstaden?*

Kva Kva type verkstad skal ein ha

Kven Kven skal bli invitert og korleis skal vi invitere

Rammer Når skal verkstaden skje, kor lang tid skal ein bruke

Ressursar Personar, midlar, utstyr, lokale

Korleis Lage eit prosessdesign – ein plan for verkstaden

Kvifor:

Føremål: Skape felles identitet, verdier og eit felles framtidsmål for lokalsamfunnet vårt

Mål: Kartlegge lokalsamfunnet sine ressursar og idear til tiltak og aktivitetar i LivOGLyst-prosjektet

Kva:

Mobiliseringsverkstad:

Splotting (sjekk-inn)

Nabo-intervju (kartleggingsøving)

Kafédialog (idemyldring og samle idear)

Rammer:

Laurdagsformiddag

3 timar

Kven:

Heile lokalsamfunnet:

Barn og ungdom

Tilflyttarar

Vaksne

Eldre

Næringsliv

Frivillige organisasjonar

Kommunen

Ressursar:

Konferanserom på Bremanger fjordhotell (med utstyr)

Midlar frå LivOGLyst-programmet

Lunsj frå hotellet

Fordele roller: prosessleiar, bordvert, ansvar for mat, dokumentere




Korleis: prosessdesign/plan for verkstaden

Tid	Kva	Korleis	Materiell/Utforming	Metode
09.00	Velkommen Formålet og målet med økta i dag	Vise fram agenda/plan for dagen på eit ark som eg heng opp på veggen. Då kan ein gå tilbake til planen undervegs og alle veit når det er pause og gangen i prosessen.	Ark Tjukk tusj	P
09.10	Sjekk inn 'Splotting 1 "Kvar har du det godt?"	Alle får utdelt eit ark (gjerne ulike fargar) og ein tusj. Individuelt er oppgåva no å lage ein splot. Eg forklarar oppgåva: Teikn ein figur forma som eit speilegg. Inni splotten teiknar ein eit hjarte. Rundt hjarte - og inni splotten, illustrera ein eller skriv med enkle ord "kvar ein har det godt". Dette kan vere fysiske stader, med personar, med interesser, aktivitetar eller anna. Eg kan vise min splot som eit eksempel. Oppgåva bidreg til å setje i gang tankar og kjensler rundt kven ein er og kvifor ein er her.	Farga ark i størrelse A5. Tusjar i ulike fargar. Teip til å henge splottane opp etterpå.	I
09.20	Splotting 2 Fortel naboen om splotten din	To og to går saman og visar og snakkar med kvarandre om splotten sin. Ved å vise splotten sin fram, opplev alle å få fortalt og vist fram kva som er viktig for dei. Deltakarane får reflektert rundt eigne kjensler og erfaringar og vert betre kjent med kvarandre.		G
09.35	Om splotting	Kva syns deltakarane om å splotte? Forklare verktøyet splotting og korleis ein kan bruke det i mobilisering og medverknadsprosessar	Power point, lerret og	P

Prinsipp i prosessleing

- Innleiing og sjekk-inn
 - Kvifor er vi her, forventningsavklaring, kva skal komme ut av dette?
 - Ein «innsjekk-øving» klargjer gruppa mentalt på det som skal skje vidare. Skapar positive kjensler, koplar seg på temaet og bygger relasjon mellom deltakarane.
 - Gjer deltakarane opne, kreative og positivt innstilt til prosessen.
- KLP – Kreativ problemløysing – vekslar mellom opne og lukkefasar
 - Opnefasen: kreativ og idéskapande
 - Lukkefasen: når ein skal ta val og avgjersler og for å sikre at gruppa er i same modus



Prinsipp i prosessleing

- IGP-metoden

- Ein teknikk som inneber at deltakarane jobbar i ulike fasar som kombinerer individuell refleksjon, gruppearbeid, og samtalar i plenum.
- God metode for å sikre at alle deltek, som ivaretek ulike personlegdomstypar og skapar tryggleik.



Individuell



Gruppe




Plenum

- Sjek-ut og avslutning

- For å avslutte prosessen, gir deltakarane moglegheit til å reflektere over prosessen dei har delteke i. Bidra til å forankre felles lærdom og utbytte av prosessen.
- Kva ein verdsetjer frå prosessen og kva som har fungert godt

Pause - 5 min



Nabo-intervju

Kven er du og kva kan du bidra med?

Hei, dette er:

Namn og alder

Fortel med nokre ord kven du er og kva som beskriv deg:

Kva likar du å drive med på fritida eller ønskjer å lære?

Kva syns du er det beste med staden vi bur på?

Kva eigenskapar, evner og engasjement har du som du kan bidra med?

Den som intervjuar stiller ulike spørsmål for å finne ut dette: Har personen ein lidenskap? Hobby? Kva brenn hen for? Kva bryr hen seg om og kva motiverar hen? Har de noko til felles? Har hen ei god historie om noko hen er engasjert i? Kategoriser det du finn ut i boksane:


Hender (køye bil, bake kake, sy, teikne, mekke) Hovud (organisere, snakke, kreativ, skrive)

Hjarta (omsorg for andre, sosial, oppmerksom) Tips til fysiske og naturlege ressursar her vi bur



- Bli kjent og bygge relasjonar mellom innbyggjarar og andre viktige aktørar i lokalsamfunnet, styrke verdier og haldningar som fremjer lysta til å ville samarbeide
- I styrkebasert tilnærming og med ABCD-prinsippa har ein fokus på det positive
- Mobilisere innbyggjarane på ein måte som fremjer sjølvorganisering og deltaking gjennom å dele kunnskap og identifisere felles interesser og resurssar

Pause - 5 min



Kafédialog



- 6 grupper (sjå nummer på lappen din)
- Bordverten skal passe på at alle skriv ned idear og at det ein snakkar om vert dokumentert
- 7 minutt på ein runde x 3

Kafédialog

Samtale der ein evnar å lytte, vere empatisk, open for andre sine argument og evne til å endre synspunkt

Typisk arena for kommunikasjon og problemløysing



- Målet med kafédialog er å ha gode samtalar som inspirerer til nye idear
- Ein kan innhente og sortere innspel frå mange personar på kort tid
- I mindre grupper kan fleire sleppe til og kaféverten sørge for at alle sine meiningar, forslag og innspel vert presentert
- Ein kan bruke metoden for å prioritere kva idear ein skal jobbe vidare med

Kva erfaringar har de
gjort i prosjekta?



Snakk med naboen:
Nemn tre ting du syns har vore
bra med nettverkssamlingen

